

Leif Storemark

[Lejo@netcom.no](mailto:Lejo@netcom.no)Dato: 16.06.2014  
Vår ref.: 2014/381-20  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.:

## Omdefinering av storbilløyva

Me viser til din søknad av 24.03.2014 om omdefinering av storbilløyve, samt vår e-post til deg av 28.04.2014 der du vart underretta om at problemstillingane i ditt brev ville bli gjenstand for drøftingar i samarbeidsmøte med sentralane 11. juni 2014.

I søknaden går det fram at du representerer løyvehavarane i den såkalla 7-serien med storbilar i Bergen Taxi, og søknaden omfattar omdefinering av løyve R-711 – R-720. Det vert søkt om å endra vilkåra frå 10-17 seter med minimum 1 rullestolplass, til 9-17 seter med minimum 1 rullestolplass. Søknaden har etter det me forstår som føresetnad at ei slik omdefinering vil nedklassifisera storbilane til personbil og til dei reglar som gjeld for personbil.

Grunngevinga for slik omdefinering er at løyvehavar sin drifts- og inntekstsituasjon vert betra. Det vil bli lettare å skaffa sjåførar utan krav til minibussertifikat og yrkeskompetansebevis, og bilane vil ikkje vera omfatta av køyre- og kviletidsreglementet.

Fylgjene av slik omdefinering vil i fylgje brevet ditt vera at rullestolskapasiteten vil auka på kveld/natt og i helger og løyva i 7-serien vil bli meir attraktive.

### Definisjonar

Definisjonen av personbil og minibuss/buss går fram av køyretøyforskrifta § 2-2 nr. 2:

*Bil gruppe M: Bil for persontransport.*

- a) *Bil gruppe M 1 (personbil): Bil for persontransport med høyst 8 sitteplasser i tillegg til førersetet.*
- b) *Bil gruppe M 2 (buss): Bil for persontransport med over 8 sitteplasser i tillegg til førersetet og tillatt totalvekt ikke over 5000 kg.*
- c) *Bil gruppe M 3 (buss): Bil for persontransport med over 8 sitteplasser i tillegg til førersetet og tillatt totalvekt over 5000 kg.*

Førarkortklassane går fram av Forskrift om førerkort m.m. Av § 3-10 går det fram at førarkort klasse D1 gjeld for «Motorvogn godkjent for transport av flere enn 8, men høyst 16 passasjerer i tillegg til fører».

### Fylkesdirektør samferdsel sine merknader

Søknaden er ikkje medunderteikna av dei andre løyvehavarane i 7-serien og du har heller ikkje lagt fram fullmakt frå dei andre løyvehavarane. Det er såleis ikkje grunnlag for å handsama søknaden som ein fellessøknad frå alle løyvehavarane i 7-serien, men søknaden vert handsama som ein individuell søknad frå deg som innehavar av R-719.

Fylkeskommunen har ikkje mynde til å gjera endringar i regelverket. Dei definisjonar av bilgrupper som går fram av køyretøyforskrifta og med tilhøyrande førarkort etter forskrift om førarkort, er bestemmende for kva vilkår fylkeskommunen kan setja på eit løyve. Fylkeskommunen har såleis ikkje høve til å omdefinera storbilloyve frå 10-17 sete til 9-17 sete innanfor gjeldande regelverk.

Dersom vilkåra på eit storbilloyve skal omdefinierast slik at det fell inn under Bil gruppe M1 (personbil) og regelverket som gjeld for slike bilar, må vilkåra bli «inntil 9 sitteplassar og med plass til 1 rullestol». Kapasiteten på ein slik bil vert monaleg mindre enn dagens storbilloyve 10-17 sete.

Statens vegvesen (SVV) opplyste i møtet 11. juni 2014 at både biltypar som Caddy og Sprinter kan registrerast som personbilar med inntil 9 sete og plass til 1 rullestol ved Bergen trafikkstasjon, når løyvestyresmakta har gjeve naudsynt dispensasjon frå krav i forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv. § 6, jf. § 8.

Du har ikkje søkt om endring av vilkåra til bilgruppe M1, og fylkeskommunen legg derfor til grunn at dette ikkje er ei aktuell problemstilling for deg.

Problemstillinga med å ta bort den øymerka 7-serien som storbilar (10-17), eventuelt å øymerka serien for «inntil 9 sitteplassar og med plass til 1 rullestol» vart drøfta i møtet 11. juni. Frå NHF si side vart det presisert at det er eit behov for storbilar m.a. slik at det er mogleg for 2 rullestolbrukarar å reisa saman.

Fylkeskommunen har eit ansvar for å sikra at det er eit minimum av storbilar, og dette er bakgrunnen for at 7-serien er etablert. Det er eit reelt behov for storbilar i marknaden, og fylkeskommunen kan ikkje sjå at det er grunnlag for svekka tilbodet ved å endra dei særskilte vilkåra i 7-serien.

Når det gjeld køyre- og kviletidsreglementet har SVV v/Sissel Wiik gjeve tilbod om informasjonsmøte med innehavarar av storbilar i Bergen Taxi, slik at løyvehavarane kan finna gode løysingar for drifta.

På bakgrunn av det som kjem fram over har fylkesdirektør samferdsel fatta fylgjande

#### **vedtak:**

*Med heimel i køyretøyforskrifta § 2-2, nr. 2, vert Leif Jonny Storemark (R-719) sin søknad om omdefinering av storbilloyve frå 10-17 sete til 9-19 sete avslått.*

Vedtaket kan påklagast til Klagenemnda innan ein frist på 3 veker etter at melding om vedtaket er motteke. Klaga skal sendast til direktør samferdsel. Fylgjene av ei eventuell klage kan verta at vedtaket vert endra.

Søksmål om vedtaket er lovleg, eller krav om skadebot som følgje av slikt vedtak, kan ikkje reisast før parten har nytta høve til å påklaga vedtaket, jf. fvl. § 27b. Ved eventuell klage er frist for å reise søksmål to månader frå det kom fram melding om klagenemnda sitt vedtak, jf. yrkestransportlova § 34.

Med heimel i forvaltningslova § 18, jf. § 19, har part med visse unntak, rett til innsyn i dokumenta i saka. Ein må då venda seg til Samferdselsavdelinga.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*